

# Haustemelding, veke 44

**28. oktober -3. november 2024**



Dette er siste haustemelding for i år. Om du finn noko igjen på stykket av f.eks. sellerirot, betar eller anna som ikkje står på haustemeldinga, så må du gjerne hauste det. Elles kan du halde fram med å hauste grønnkål og urter så lenge det er noko igjen utover hausten og vinteren. Det same gjeld jordskokk, men der må det stå ei rekke igjen som vi skal bruke til settejordskokk neste år.

Kva?	Kor? Felt nr. på kart	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Pipeløk, urter og etande blomar	78-101	Ta det du vil ha av urtene og blomane. <b>Dette kan også haustast utover hausten så lenge det er noko igjen.</b>	Klipp av, ikkje riv opp rota.	
Ruccola og Asiasalat	4 (på feltet der kvitløken har stått, nærmast geitegarden)	Ta det du vil ha om du finn noko brukande	Plukk forsiktig av blada og la resten av planten så igjen	
Vinterreddik og daikonreddik	4 (ved sia av Asiasalaten)	Ta det du vil ha om det er noko igjen	Riv opp reddiken. Vri av lauvet og kast det på bakken eller gje det til geitene.	
Grønnkål - grønt	13	Ta det du treng for denne veka. <b>Dette kan også haustast så lenge det er noko igjen utover vinteren.</b>	Knekk av dei nederste blada og la resten av planten stå igjen. NB. Ta ikkje blada i toppen av planten, for då stoppar planten å veksa vidare.	
Grønnkål - rødt	14			
Blomar	46-50 + på blomstergarden + det som evt.	Plukk deg ein fin bukett.	Også denne veka får alle andelshavarar plukka seg gratis blomar frå Anda blomstergard	

	står i bøtter i lagerbygningen		om de finn nokon som er brukande.	
Purreløk	39	Ta det du vil ha om det er noko igjen	Riv løken opp med rota. Rist gjerne av molda og skjer av røtene om du vil.	
Jordskokk	62	2 planter.  <b>Jordskokk kan også haustast utover vinteren, men det må stå ei rekke med jordskokk igjen. Den skal brukast til settejordskokk til våren.</b>	Spa opp jordskokken med greip. Riv av alle jordskokkane som heng fast i rota og sjekk at det ikke ligg nokon igjen i jorda.	
Kinakål, rødkål og rosenkål	Inne i lagerbygningen	Ta det du vil ha om det er noko igjen		
Poteter (Arielle og Nansen) (restar av uavhenta sekker)	I sekker i lagerbygningen	1 sekkr (ca 5 kg) med blanding av Arielle og Nansen om det er nokon igjen. Første mann til mølla.	Ta med deg sekken. Når du kjem heim, bør du følgja med på potetene at dei har byrja å rotne. Det gjeld særleg Arielle som ligg på toppen av sekken.	

### Veksthusandel (kun for dei som har betalt ekstra for dette)

Kva?	Kor?	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Tomat, paprika og chili	I kasse og skåler i lagerbygningen	Ta det du vil ha, både av modne og umodne tomater, chili og paprika om det er noko igjen.	.	